



Voss herad

RUSMIDDELPOLITISK - HANDLINGSPLAN FOR VOSS HERAD

2022-2024



Samandrag

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Voss herad i perioden 2022 til 2024 er ein todelt plan med vekt på ein rusfagleg del (del1) og dei Alkoholpolitiske retningslinjene (forskrifta) i del 2.

Planen inngår i Voss herad sin planstruktur med kommunedelplanen tidleg innsats og livsmeistring som overordna plan.

Kommuneplanen sin samfunnsdel løftar fram førebyggjande folkehelsearbeid som eit prioritert område. "Helse i alt me gjer" skal være eit styrande prinsipp i heradet sin innsats for innbygarane. Den kommunale ressursbruken skal sterkare rettast inn mot tidleg innsats og førebygging. Prinsippet om førebygging går som ein raud tråd gjennom det kommunale planarbeidet i Voss herad. Kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring skal vere ferdig våren 2022. Den vil fokusere på aldersgruppa 0-25 år og ha eit overordna fokus på førebygging av uhelse, inkludert rusmisbruk. Andre planar med relevans for førebygging av rusvanskar er kommunedelplan for inkludering og mangfald (vår 2023), handlingsplan for pårørandearbeid (vår 2023), bustadsosial handlingsplan (haust 2021), temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (vår 2022), handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2024, handlingsplan for unge/psykisk helse og strategi mot barnefattigdom.

Hovudfokus i rusmiddelpolitisk handlingsplan er tverretatleg samarbeid med eit meir forpliktande samarbeid internt i Voss herad og med frivillige organisasjonar. Denne planen har eit større fokus på tidleg innsats og førebygging enn tidlegare planar. Nokre tiltak er nemnt i planen og fleire vil koma i kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring.



INNHALD

INNLEIING	4
Føremål	4
Førebygging og tidleg innsats.....	4
DEL 1 RUSFAGLEG ARBEID I VOSS HERAD	6
1. KOMMUNALE TENESTEYTINGAR INNAN FØREBYGGING	6
1.1 Helsestasjon- og skulehelsetenesta	6
1.2 Barnevernet	6
1.3 SLT og ungdomsarbeid	7
1.3.1 Organisering SLT	7
1.3.2 Ungdomsarbeid:	7
1.4 Avdeling for psykisk helse og rusarbeid	8
1.4.1 Psykisk helseteam	8
1.4.2 Ruskonsulent	8
1.4.3 Erfaringskompetanse	8
1.4.4 Situasjon kring avdelinga.....	8
1.5 Bustadsosialt arbeid	9
1.6 Ansvarleg alkoholhandtering Voss herad	9
1.7 Av- og- Til	10
1.8 Samarbeid frivillige organisasjonar	10
2. Nasjonale og lokale rammer og føringar	11
2.1 Nasjonale rammer	11
2.2 Lokale styringssignal	12
2.2.1 Tidleg innsats – førebyggjande arbeid	12
2.2.2 Akan arbeidet Voss herad	12
3. Alkohol og narkotikasituasjonen nasjonalt og lokalt	13
3.1 Alkohol- og narkotikasituasjonen i landet	13
3.2 Alkohol- og narkotikasituasjonen i Voss	13
3.2.1 Alkohol	13
3.2.2 Medikament	15
3.2.3 Narkotika.....	15
3.2.4 Rus blant ungdom.....	16
3.3 Oversyn over tiltak	17

DEL 2	19
4. Alkoholpolitiske retningslinjer 2022-2024	19
4.1 Retningslinjer for sal av øl	19
4.2 Retningslinjer for salsløyve for brennevin, vin og sterkøl	20
4.3 Retningslinjer for skjenkeløyve	20
4.3.1 Tal løyve	20
4.3.2 Type løyve	21
4.3.3 Vilkår for alminnelig løyve.....	21
4.3.4 Løyve til skjenking av brennevin, vin og øl ved einskildarrangement, jf. A-lova p. § 1-6 ...	21
4.3.5 Ambulerande løyve:.....	22
4.3.6 Skjenketider	22
4.4 Gebyr, kontroll, saksbehandling og vakter	22
4.5 Brot på alkohollova og delegasjon.....	23
4.6 Informasjon og samarbeid	23
Vedlegg 1: Reaksjonar ved brot på alkohollova (prikksystemet)	24
Vedlegg 2: AKAN retningslinje i Voss herad	26

INNLEIING

Voss kommune vedtok i KST 01.09.2016 sak 60/16, og Granvin herad i sak Hs sak (037-16) Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2016 -2020. Dette er ei revidering av begge planane og vil vera gjeldande for 2022-2024.

Planen er todelt, del 1 gjev oversikt over det rusfaglege arbeidet og del 2 dei Alkoholpolitiske retningslinjer for 2022-2024.

Arbeidsgruppa har vore tverretatleg samansett og har hatt desse medlemmene.

- Lars Egil Sjøtun, SLT koordinator-Kultur og Fritid
- Nils Helge Kvamme, rådgjevar- Kultur og Fritid
- Sveinung Hellesen Nygård, Kommunepsykolog - Oppvekst
- Linda Merkesdal, avdelingsleiar NAV - Helse og omsorg
- Kristine Akselberg, avdelingsleiar, Kultur og fritid
- Siri Stuve Elvatun, Leiar rus og psykiatri – Helse og omsorg

Føremål

Etter alkoholova si § 1-7d er kommunane pålagt å utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan. Helse- og sosialdirektoratet er tydeleg på at handlingsplanen er heilskapleg, og vurderer alkohol og narkotika i samanheng.

Rusmiddelpolitikken i kommunen skal:

- støtta opp om nasjonale strategiar og mål innafor fagfeltet
- vektleggja målsetting i kommuneplanen knytt til oppvekstmiljø og sosialt arbeid
- styrka vern av barn og unge mot følgjer av eige eller andre sin rusbruk
- regulera tilgang til alkohol etter dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld, syna gode haldningar til alkohol og avgrensa skadeverknadane. Avgrensa forbruket av alkoholholdige drikkevarer (sjå Alkoholova § 1-1).

I tillegg vil Voss herad sitt rusfaglege fokus i perioden 2022-2024 vera:

Førebygging Tidleg innsats

Førebygging og tidleg innsats

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein del av folkehelsearbeidet i Voss herad, med føremål om å førebyggja misbruk og redusera dei negative konsekvensane rusmiddelbruk har for einskildpersonar og for samfunnet.

Voss Herad skal i planperioden halda ein overordna strategi for eit aktivt rusførebyggande arbeid på tvers av kommunale avdelingar og lovverk.

Strategi for å nå føremål:

1. Eit tydeleg folkehelseperspektiv og oppfølgingstiltak for rusavhengig
2. Tenester med naudsynt kapasitet, høg kvalitet og god kompetanse
3. Tenestene skal vera tilgjengelege og differensierte- og bidra til sosial inkludering
4. God samhandling der brukarane vert involvert i gode prosesser
5. Særskilt merksemd på at barn og pårørande vert ivareteke

Rusmiddelpolitisk handlingsplan inngår i heradet sitt øvrige planarbeid. Kommuneplanen sin samfunnsdel løftar fram førebyggjande folkehelsearbeid som eit prioritert område. “Helse i alt me gjer” skal være eit styrande prinsipp i heradet sin innsats for innbyggjarane. Den kommunale ressursbruken må rettast inn mot tidleg innsats og førebygging. Styrking av førebygging og behandling av misbruk vert spesifikk løfta fram som viktige innsatsområde. Utvikling av gode lågterskeltilbod, tiltak for å meistra livet og førebyggjande haldningsarbeid, er eksempel på korleis slikt arbeid kan leggest opp.

Prinsippet om førebygging går difor som ein raud tråd gjennom det kommunale planarbeidet i Voss herad. Det skal utarbeidast ein eigen kommunedelplan for tidleg innsats og livsmestring våren 2022. Den vil fokusere på aldersgruppa 0 – 25 år og ha eit overordna fokus på førebygging av uhelse, inkludert rusmisbruk. Andre planar med relevans for førebygging av rusvanskar er kommunedelplan for inkludering og mangfald (vår 2023), handlingsplan for pårørandearbeid (vår 2023), bustadsosial handlingsplan (haust 2021), temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (vår 2022), handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020 – 2024, handlingsplan for unge/psykisk helse og strategi mot barnefattigdom.

Førebyggjande folkehelsearbeid handlar også om å leggja til rette for gode val for innbyggjarane. Det meste av planarbeid som vert gjort kan difor seiast å ha relevans for førebygging av helseplager. Prinsippet om “helse i alt me gjer” og førebygging skal også gjelde for denne planen. Kommunedelplanen tidlig innsats og livsmestring vil vera overordna plan for rusmiddelpolitisk handlingsplan.



DEL 1: RUSFAGLEG ARBEID I VOSS HERAD

1. KOMMUNALE TENESTEYTINGAR INNAN FØREBYGGING

1.1 Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta arbeider helsefremjande og førebyggjande med born, unge og deira føresette frå svangerskapet til 20 år. I samarbeid med andre instansar ynskjer ein å arbeide for gode oppvekstvilkår for alle born og unge og samtidig koma inn på eit så tidleg tidspunkt i livet som mogleg for å snu uheldig utvikling. Tenesta utgjer ein del av BTI (betre tverrfagleg innsats) samarbeidet i kommunen, etterfølgjaren av Modellkommuneprosjektet, som rettar seg spesielt mot barn og unge av føresette med psykiske vanskar og rus.


Jordmor kartlegg alle gravide med Tweak – eit kartleggingsverktøy for alkoholinntak i graviditeten og spør også om rus. Føresette for sped- og småbarn, samt ungdom frå 8. klasse blir spurt direkte om sitt forhold til rus, dels som haldningsskapande arbeid, men også for å avdekke trong for oppfølging. Born fødte av føresette i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) får særskilt oppfølging av helsesjukepleiar i samarbeid med andre instansar.

Fylkeskommunen har i vidaregåande skule eigne rusplanar som skulehelsetenesta tek del i. Helsesjukepleiar i samarbeid med politi har årelege førelesingar til alle vg.1 elevar om rus og overgrep. I vg. 3 er det samarbeid mellom skulehelsetenesta, kommunale ungdomsarbeidarar, skulane, politi, vegvesen, med fleire med fokus på rusførebyggjande arbeid i russetida.

1.2 Barnevernet

Tidleg innsats for born er ei viktig målsetjing for barnevernet sitt førebyggjande arbeid. Barnevernet arbeider med å utvikle gode kartleggingar og strategiar for å avdekke- og hjelpe barn og unge som opplever rus i nære relasjonar. Pakkeforløpet for kartlegging og utgreiing av psykisk helse og rus hjå barn og unge i barnevernet har som mål å fange opp barn og unge som sjølv har, eller står i fare for å utvikle, eit rusproblem. Vidare er Voss herad med i prosjektet BTI som skal arbeide for å betre tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike hjelpeinstansane for born og unge.

Born og unge si læring og utvikling er avhengig av tilhøvet mellom risikofaktorar og vernande faktorar i oppveksten. Vernefaktorar er faktorar som kan redusere vanskar og uheldig utvikling hjå born og unge. Arbeid med barn og unge i Voss herad bør fokusere på å oppretthalde- og utvikle vernande faktorar samt gje barn og unge støtte i å meistre livet sitt.



1.3 SLT og ungdomsarbeid

SLT er ei forkorting for «*samordning av lokale førebyggjande tiltak*» og er eit systematisk samarbeid mellom offentlege og private instansar. Gjennom felles målretta tiltak vert det arbeida førebyggjande for å redusera rusmiddelmisbruk og kriminalitet blant born og unge. Ordninga har til føremål å bruka eksisterande tiltak og ressursar mest mogleg effektivt og legg opp til eit nært og forpliktande samarbeid mellom kommune og politiet.

1.3.1 Organisering SLT

Voss herad har i dag SLT koordinator i 30 % stilling og SLT medarbeidar i 30 % , begge har 100 % stillingar i kultur og fritid.

1. Styringsgruppe/styrande nivå

I Voss herad vil rådmannens leiargruppe vera styringsgruppe, SLT koordinator og medlemmer frå koordineringsgruppa vil møta og informera om aktuelle tiltak ca. 2 gonger i året.

2. Koordineringsgruppe/koordinerande nivå

Gruppa avdekkjer problem og utfordringar og set inn ressursar for målretta innsats i tråd med rammene frå styringsgruppa. Gruppa bør møtast ca. 4 gonger pr år eller ved behov. SLT koordinator kallar inn til møte.

3. Utførande nivå

Utførande nivå er alle som er i direkte kontakt med barn og unge og som arbeider førebyggjande med fokus på tidleg innsats for å motvirka utanforskap. Denne gruppa har ansvar for å gjennomføra dei tiltak koordineringsgruppa og styringsgruppa har bestemt.

Det utførande nivå vil ha møter ca. 1 gong pr mnd . SLT koordinator kallar inn til møte.

Samarbeid på tvers i Voss herad ein føresetnad for å lykkast.

Effektiv førebygging krev samarbeid på tvers av etatar i heradet. Skal me lykkast med å skapa eit tryggare samfunn må heradet, politiet, skule, offentlege etatar og frivillige organisasjonar samarbeida om dette. Førebygging av kriminalitet heng nært saman med generelle førebygging i samfunnet. Ein gjennomtenkt førebyggjande innsats kan gje positiv verknad langt utover dei borna og ungdommane som er mest sårbare. Samarbeid på tvers er ein av grunntankane i Reform 2022 og legg grunnlag for korleis me må arbeide i framtida. SLT vil prioritera tverretatleg samarbeid framover.

1.3.2 Ungdomsarbeid:

Utekontakt og ungdomsarbeidarane arbeidar førebyggjande blant born og unge. Arbeidet er tufta på grunnprinsippet om at hovuddelen av innsatsen skal skje der ungdom samlast på fritida.

Voss herad driv 3 ungdomsklubbar, Ungdomsklubben i Granvin, Ungdomshuset Voss og Ungdomsklubben Vangsgryto. Utekontakten har kontor i Ungdomshuset og driv oppsøkjande arbeid i dei periodane av året der ungdom samlar seg ute. Ungdomsarbeidarane og utekontakt samarbeider med ulike kommunale etatar, politi, vidaregåande skule, helsetenester, frivillige organisasjonar med fleire. Samarbeidet er i faste, regelmessige møter og elles ved behov.



Ungdomsklubbane organiserer også aktivitetar utanom klubben og ser stor verdi av å samarbeida med lag, organisasjonar og festivalar på Voss. I samarbeid med Røde kors og Kirkens bymisjon tilbyr ungdomsklubben ferieaktivitetar for grupper med ungdomar frå låginntektsfamiliar i alle skuleferiane.

Gryto aktivitetsklubb er eit prosjekt støtta med folkehelsemidlar frå Vestland fylkeskommune. I dette prosjektet vert ungdomane introdusert for ulike aktive fritidstilbod som er tilgjengeleg i kommunen og får hjelp til å koma i gang med sunne aktivitetar.

Gryto gamingsenter er eit samarbeid med Playwell. Gaming er ei stor og aukande fritidsinteresse for ungdom. Gamingutstyr er dyrt og mange har ikkje moglegheit til å ha dette utstyret heime. Enkelte ungdomar fell difor utafor dette fellesskapet grunna den økonomiske situasjonen i heimen. Gaming kan også vera ein aktivitet der ungdomane lett isolerer seg. Ein møteplass for datakultur er ein sosial arena der ungdom kan tileigna seg verdifull kompetanse og livsmeistring.



1.4 Avdeling for psykisk helse og rusarbeid

Avdelinga består av: Psykiatrisk sjukepleiarar, ruskonsulent, vernepleiar med vidareutdanning i psykisk helse, erfaringskonsulent, miljøterapeut, miljøarbeidara, helsefagarbeidara og aktivitør.

Ein har fokus på å tilby personar med utfordringar knytt til psykisk helse og rusmiddelbruk og deira pårørande eit heilskapleg tilbod. Dette ved å bl.a. ha individuell plan på plass når det er trong for samansette og koordinerte behov (dersom brukaren samtykker til det), jf.» Lov om kommunale helse- og omsorgstjenesten § 7-1» og «Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5.

1.4.1 Psykisk helseteam

Oppfølging kan bestå av: Individuelle samtalar, råd, rettleiing, motivasjonssamtalar og tett oppfølging av den enkelte brukar. Det kan vera kartlegging av (behandlings-) behov, kartlegging av (mis)bruk av rusmidlar og utgreiing av somatisk helsetilstand. Det kan vera parsamtalar, barn- og pårørande arbeid, hjelp til søknad om psykiatrisk / rus institusjon, oppfølging før, under og etter innlegging i institusjon. I tillegg kan det vere trong for rettleiing til f. eks legebesøk, NAV, arbeid/arbeidstrening og skule/studie.

1.4.2 Ruskonsulent

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus er på førebygging, behandling og rehabilitering. Ruskonsulenten har samarbeid både innafor eigen organisasjon og med eksterne partnarar. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar m.m.

Det vert gjevne tilbod om tett oppfølging av brukarar i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) når behandlinga startar. Avdeling for psykisk helse og rusarbeid er ofte koordinator og etablerer samarbeid med fastlegar og avdeling for rusmedisin.

1.4.3 Erfaringskompetanse

Ved at brukarane får snakka med ein som har vore avhengig sjølv kan det føre til styrka sjølvkjensle og motivasjon. Ved å ha erfaringskonsulent har kommunen fått brukarkompetanse som kan bli brukt aktivt i heile tenesteapparatet.

1.4.4 Situasjon kring avdelinga

I helse og omsorg var det i 2019 registrert 43 brukarar med samtidig rusmisbruk og psykisk lidning. Brukarane er i alle aldrar. Helsevesenet observerer at det er fleire brukarar som har eit problemfylt inntak av rusmiddel, men som ikkje tek mot tenester retta mot det. Rus- og psykiatritenesta har oppfølging av innbyggjarar frå svangerskap og livet ut. Å snakka om rusinntak bør vera ein naturleg del av ein samtale, anten det er på helsestasjon, i barnehage, skule, hjå fastlege, behandlar eller NAV. Det er få brukarar som har born. Borna som har samvær med brukar, bur hjå den andre forelderen eller i fosterheim.

Avdeling for psykisk helse og rusarbeid har frå 2012 kartlagt brukarar i BrukerPlan. Dette er eit objektivt kartleggingsverktøy der brukarar vert kartlagt ut frå personalet sine opplevingar og observasjonar av brukar. Avdelinga jobbar for att fleire kommunale avdelingar skal kartlegga i brukarplan slik att kommunen kan få eit større bilete av helsetilstanden til blant anna Samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse (ROP) pasientane. Tenestene som vert levert er fleksible og tilpassa. Miljøterapeutane jobbar målretta og systematisk saman med den enkelte for å nå brukar sine mål.



Utfordringar knytt til rusmiddelbruk hjå eldre er aukande. Som eit nytt tiltak ynskjer rus- og psykiatritenesta å sjå på kor mange eldre som har ein rusrelatert skade som årsak til at dei søker om korttids plass. Brukarar på korttidsopphald skal kartleggast i AUDIT – eit kartleggingsverktøy for alkoholinntak. Eldre som har utslag på kartleggingsskjemaet får informasjon om tenester og tilbod om oppfølging.

1.5 Bustadsosialt arbeid

Bustadsosialt arbeid omfattar alt frå å skaffa bustader til å auka føresetnadane for å meistra ein bu og livssituasjon. Brukarane skal bu trygt, og primærkontakt ha tett oppfølging i heimen. Poliklinisk behandlingstilbod direkte retta mot rusbrukarar finst ikkje på Voss. Sjølv om Psykiatrisk poliklinikk i nokon grad har teke imot personar med rusproblem er dette ikkje noko organisert og målretta tilbod. Bustadsosialt arbeid er eit samarbeid mellom bygg og eigedom, bustadkonsulent, NAV, økonomiavdelinga og rus- og psykiatritenesta.

Handlingsplan for bustadetablering skildrar trongen for tilrettelegging av bustader for vanskelegstilte. Det er lite tilgang på utleigebustader på den private marknaden, samstundes som det er lite utskifting i dei kommunale bustadane. Leigetakarar med rusproblem har store vanskar med å koma inn på den private marknaden, og det er likeins vanskeleg å finna høvelege kommunale bustader.

Kommunen treng overgangsbustader med døgnbemanning for ei gruppe med særlege behov. Miljøterapeutar i rus- og psykiatritenesta driv oppfølging i heimen for personar med rusavhengighet. Det er etablert ein prosjektstilling knytt til bustadsosialt arbeid som skal hjelpa brukaren med å søkja bustad og halda på bustaden.

1.6 Ansvarleg alkoholhandtering Voss herad

Programmet Ansvarleg alkoholhandtering (AAH) inneber eit tett samarbeid mellom kommune, næringsliv, skjenkekontroll og politi. Voss herad arbeidar etter denne modellen og har eit tett samarbeid med Bergensklinikkane og Skjenkekontrollen i Kvam i gjennomføring av Ansvarleg vertskap kurs. Det er eit krav at alle med skjenkeløyve skal delta på kursa minst ein gong i kvar løyveperiode. Det vil verta arrangert AAH kurs i regi Voss herad og skjenkekontrollen i Kvam i løpet av 2022. Det er og mogleg å ta e-kurs på Helsedirektoratet si nettside for dei som ikkje får gjennomført lokalt kurs (<https://www.helsedirektoratet.no/tema/alkohol/ansvarlig-alkoholhandtering>).

1.7 Av-og-Til

Voss kommune har vore medlem av «Av-og-Til» sidan 2013. Dette er ein alkovettorganisasjon som gjennom kampanjar set fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein risiko eller kan vera til ulempe for andre. Satsingsområde er arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett, livskriser, trafikk og samvær med barn og unge. I Voss herad har me definert tre hovudsatsingsområde: Trafikk, samvær med barn og livskriser. Det er ingen kostnader forbundet med medlemskapet, og alt materiale er gratis. Det betyr at det er eit stort potensiale for rusførebyggjande arbeid gjennom medlemskapet i Av-og-Til. Me får mykje hjelp og det er høg kompetanse i Av-og-til sin organisasjon. Av-og-Til koordinator gjev og uttale i høve nye skjenkeløyve.

1.8 Samarbeid frivillige organisasjonar

Fleire frivillige organisasjonar har etablert seg i Vossabygda og er eit viktig tilskot til rusarbeidet i bygda. Blant anna har Kirkens bymisjon etablert seg med fleire tiltak.

Det er i dag tett samarbeid mellom ungdomsklubbane og ideelle organisasjonar som Røde kors, Kirkens Bymisjon og andre. Dei tilbyr mellom anna ferieaktivitetar for grupper med ungdomar frå låginntektsfamiliane i alle skuleferiane

Arbeidstiltaket «I jobb» er Kirkens Bymisjon Voss sitt arbeidsretta lågterskeltilbod for menneske med utfordringar knytt til rus. Tiltaket samarbeider med NAV og rus- og psykiatrieininga i heradet. Kirkens Bymisjon arbeidar for at mennesket skal erfare at det er rom for alle, og bruk for alle! «I jobb» legg til rette for vidareformidling av deltakarane ved å bidra til gode overgangar til vidare arbeidstrening, utdanning eller ordinært arbeid. Det er i tillegg planlagt eit lågterskel tilrettelagt aktivitets- og arbeidstreningstilbod til ungdom og unge vaksne i 2022.

Skattkammeret utlånssentral tilbyr gratis utlån av leiker, sports- og friluftsutstyr til born og ungdom. Skattkammeret er ein del av BUA-nettverket, og brukarane kan låna utstyr både på Voss og i andre BUA-utstyrssentralar.



2. NASJONALE OG LOKALE RAMMER OG FØRINGAR

Føringar og rammene for planen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld lover, forskrifter, samt føringar frå rundskriv, nasjonalpolitiske retningslinjer og stortingsmeldingar mv. På kommunalt nivå gjeldt mål og strategiar som er forankra i ulike kommunale planar.

Lover som regulerer rusfeltet:

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven). 1989-06-02-27
- Lov om folkehelse av 24.06.2011 (trødt i kraft 1.1.2012)
- Lov om kommunale helse-og omsorgstjenester § 3-1 og § 3-3
- Lov om sosiale tenester § 12

2.1 Nasjonale rammer

Prioritering av psykisk helse og rus er eit satsingsområde i statsbudsjettet 2020 og det inneheld tydelege signal om at fagfeltet skal styrkast. Eit sentralt mål i Statsbudsjettet 2020 er å prioritera psykisk helse- og rusfeltet, med satsing på tidleg innsats, betre behandling og førebygging. Regjeringa har lagt fram ei rekkje dokument for å støtta opp under desse målsetjingane: Folkehelsemeldinga, Opptappingsplanen for rusfeltet, Opptappingsplanen for barn og unges psykiske helse, Pakkeforløp for rus og psykisk helse og Kompetanseløft 2020

Folkehelsemeldinga: «Gode liv i eit trygt samfunn», (Meld. St. 19, 2018–2019) peikar på at psykiske helseproblem er blant dei største folkehelseutfordringane me har i dag, og dei sosiale skilnadane er store. Nasjonale mål for folkehelsepolitikken er at:

- Norge skal vera blant dei tre landa i verda med høgast levealder
- befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseskilnader
- me skal skapa eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga.

Den nasjonale politikken skal støtta opp om folkehelsearbeidet lokalt og regionalt og sørgja for god samordning mellom nasjonal politikk og kommunale planprosessar.

I **Opptappingsplan for rusfeltet 2016 – 2020 (St. prop 15)** er primærførebyggande innsats ein sentral del både av folkehelsearbeidet og rusmiddelarbeidet. Opptappingsplanen har fem hovudmål:

- sikra reell brukarmedverknad
- sikra at personar som står i fare for å utvikla eit rusproblem vert fanga opp og får hjelp tidleg
- alle skal møta eit tilgjengeleg, variert og heilskapleg tenesteapparat
- alle skal ha eit aktiv og meningsfylt tilvære
- utvikla og auka bruken av alternative straffereaksjonar.

Kompetanseløft 2020 (K2020), regjeringa sin plan for rekruttering, kompetanseheving og fagutvikling i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. K2020 er ein oppfølging av St.meld.nr. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet, Omsorg 2020 og Prop.15 Opptappingsplan for rusfeltet.

Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse (Prop. 121 (2018-2019)) Juni 2019 la regjeringa fram ein eigen opptappingsplan for barn og unges psykiske helse. Planen inneheld både helsefremjande, førebyggjande og behandlingsretta tiltak der fleire sektorar skal bidra til å styrka innsatsen.

I 2019 vart **Pakkeforløp for rus og psykisk helse** innført. Pakkeforløpa skal starte med ei henvisning frå primærhelsetenesta og slutte i kommunen etter at pasienten har fått behandling i spesialisthelsetenesta.

Psykisk helsevern vil bli eitt av fire prioriterte områder i **Nasjonal helse og sykehusplan 2020–2023**.

2.2 Lokale styringssignal

«**Å flytta fokus frå reparasjon til førebygging**» er ein av strategiane i kommuneplanen. Voss herad skal satsa på tidleg hjelp til barn som treng det. Strategidokumentet «**Morgondagens omsorg i mine og dine hender, 2015-2025**» skal følgja opp vedtekne mål og strategiar og ha søkelys på tidleg innsats og førebygging. Mål i «**Oppvekstplan for Voss kommune**» er å gje alle barn og unge ein trygg og god oppvekst. Voss herad si «**Folkehelseoversikt Voss herad 2020-2024**» tek for seg utfordringar knytt til psykisk helse.

2.2.1 Tidleg innsats – førebyggjande arbeid

Det er brei semje om at skadeleg bruk av rusmidlar både kan og må førebyggast. Tidleg innsats er ein sentral strategi for å forhindre at skade som følgje av rus oppstår eller utviklar seg.

Med tidleg innsats meiner ein at det vert sett i gang tiltak så snart ein har registrert ein risiko eller eit behov uansett alder. For ungdom og vaksne kan tidleg innsats mellom anna handla om å tidleg fanga opp skadeleg bruk av rusmidlar. For eldre kan tidleg innsats handla om å gje den enkelte god nok kunnskap om korleis eigen helsesituasjon blir påverka ved bruk av rusmidlar. Bruk av alkohol kan endra effekten av medikament.

Rusførebyggjande tiltak rettar seg mot heile befolkninga. Det er eit felt med mange kontaktpunkt og mange aktørar, og det viktigaste arbeidet skjer i nærmiljø og i kommunen. Førebyggingstiltak som tek sikte på å styrka foreldrerolla kan ha positiv effekt på barnet sin psykiske helse og livskvalitet. Kommunen har difor mellom anna satsa på foreldrekurs. Hovudsatsinga er på universelle tilbod.

Det er ikkje slik at alle personar som er utsett for bestemte risikofaktorar nødvendigvis utviklar rusproblem. Faren for å utvikle eit rusproblem er knytt til den enkelte sin samla livssituasjon. Kunnskap om risiko- og beskyttelsesfaktorar er viktig å ta omsyn til i møte med individ og familiar. På systemnivå er det nødvendig å planlegga for strukturar som bidreg til beskyttelse, som til dømes gode barnehage- og skulemiljø, gode bu- og nærmiljø, kultur- og fritidstilbod for alle, inkluderande arbeidsliv mm.

God samhandling og tverrfagleg tilnærming rundt barn og unge som har spesielle behov for koordinerte tenester er nødvendig .

2.2.2 Akan arbeidet Voss herad

Voss herad er ei Akanbedrift. Akan hjelper leiarar og medarbeidarar til å førebygge og handtere rus- og spel-avhengigheit. Akan-kontaktane er uavhengige og tilgjengelege for leiarane og tilsette som ynskjer å rådføra seg, både på system og individnivå. Akan retningslinjer for Voss herad ligg som vedlegg til rusmiddelpolitisk handlingsplan.

3. ALKOHOL- OG NARKOTIKASITUASJONEN NASJONALT OG LOKALT

3.1 Alkohol- og narkotikasituasjonen i landet

Totalomsetjinga av alkohol i Norge auka frå midten av 1990-talet og fram til 2008. Sidan den gong har det vore ein liten nedgang i alkoholomsetjinga (SSB, tabell 04188, 2020). Den største reduksjonen er i omsetnad av brennevin. Samanlikna med dei nordiske landa og resten av Europa er omsetnaden av alkohol i Norge låg.

Talet på salsstadar for gruppe 1 i Norge har vist ein svak nedgang sidan midten av 1980-talet, medan talet på utsalsstadar for Vinmonopolet har meir enn dobla seg dei siste 20 åra.

Ser ein på skjenkeløyver har desse tredobla seg dei siste 30 åra, og det er no om lag 8.000 skjenkestader med kommunalt løyve (FHI, 2019). Talet på skjenkestadar ser ut til å ha stabilisert seg dei seinare åra.

Når det gjeld narkotika er det få 15-16 åringar i Norge som har brukt cannabis samanlikna med resten av Europa (FHI, 2020). Andelen som har brukt cannabis har vore stabil dei seinaste 20 åra. Om lag 5 prosent av befolkninga mellom 16 og 64 år opplyser at dei har brukt cannabis siste 12 månader, medan 2,3% rapporterer bruk siste 4 veker. Dei fleste av desse er mellom 16 og 34 år.

3.2 Alkohol- og narkotikasituasjonen i Voss

Voss herad har ikkje noko samla oversyn over personar med rusproblem. På grunnlag av nasjonale tal kan me grovt rekna at det er 150-200 storforbrukarar av alkohol i Voss herad. Berre ein liten del av desse har søkt behandling ved innlegging i institusjon eller på andre måtar vore i kontakt med NAV. NAV oppmuntrar brukarar til å ta kontakt med rus og psykiatriavdelinga i Voss herad eller lege for behandling.

3.2.1 Alkohol

Det finst ikkje sikre tal for kor mykje alkohol innbyggjarane i Voss herad konsumerer. Dette skuldast både handelslekkasje mellom kommunar, tax-free handel og illegal omsetning av alkohol.

Når det gjeld talet på salsstadar har det vore variasjonar i dei siste ti åra, men er no attende på same nivå. Mengda alkohol seld har likevel auka gjennom perioden. Talet på skjenkestadar har auka dei seinare åra, medan det har vore ei endring i kva type alkoholhaldig drikke som vert seld. Det har vorte meir sal av vin og mindre brennevin.

Tabell 1: Talet på sals- og skjenkestadar og omsetjing.


	2003	2006	2009	2012	2015	2018
Salsstadar	23	21	17	17	19	21
ØI i liter	701 320	803 778	883 013	852 359	901 892	889 105
Skjenkestadar	26	27	30	36	34	47
ØI i liter	172 670	143 511	159 683	165 823	179 796	151 565
Vin i liter	18 712	21 704	22 292	27 803	39 952	40 260
Brennevin i liter	4 486	4 352	4 846	7 005	5 076	4 866

For salet på Vinmonopolet viser statistikken ein svak auke dei seinare åra i talet på vareliter. Det er ein nedgang i salet av brennevin og sterkvin, medan salet av spesielt øl og alkoholfritt har auka.

Tabell 2: Salstal Vinmonopolet på Voss fordelt på varetype

	Sal i liter	Brennevin	Sterkvin	Svakvin	Øl	Alkoholfritt
2010	307 000	56 064	2 319	243 606	4 990	461
2011	308 000	55 432	1 968	244 661	5 649	607
2012	325 000	56 612	2 008	258 766	7 031	635
2013	320 000	53 573	1 860	254 504	8 762	893
2014	321 000	50 198	1 830	258 293	9 854	992
2015	313 000	48 130	1 696	252 853	9 348	1 222
2016	314 845	48 398	1 479	254 055	9 630	1 284
2017	306 739	45 799	1 413	248 153	9 911	1 462
2018	316 392	46 532	1 492	255 991	10 483	1 895
2019	316 542	45 232	1 470	256 773	10 997	2 068
Endring (%)	3,1	-19,3	-36,6	5,4	120,4	348,6

Totalt sett viser statistikken at det vert seld meir alkoholhaldige drikkevarer per innbyggjar i Voss enn snittet for landet. Spesielt gjeld dette brennevin. Størstedelane av denne omsetjinga skjer på vinmonopolet. Dette kan ha fleire årsaker. Voss er ei turistbygd. Det at mange reiser til bygda i samband med helger og feriar vil kunna føra til at omsetjinga av alkoholhaldige varer er høgare enn i kommunar utan stor tilstrømming i helger og feriar. I tillegg er det mange nabokommunar som ikkje har vinmonopol. Difor vil ikkje statistikken for omsetjing av alkoholhaldig drikk vera samsvarande med konsumet.




Figur 1: Vareliter øl, vin og brennevin per person over 15 år i prosent av landsgjennomsnittet.

3.2.2 Medikament

Vanedannende legemiddel vert nytta i behandling av personar med ulike lidningar. Desse kan misbrukast, ofte i kombinasjon med alkohol og føra til avhengighet. Innbyggjarane har eit forbruk av antidepressiva, sovemidlar og angstdempande midlar på nivå med snittet for landet og Hordaland. For sovemidlar og angstdempande midlar har det vore ein nedgang dei seinare åra (FHI, 2020).

3.2.3 Narkotika

Narkotikastatistikken viser at talet på melde rusmiddelovbrot varierer frå år til år. Samanlikna med Hordaland og resten av landet er det relativt få lovbrøt som fylgje av rusmiddel, men skilnaden har vore mindre dei seinare åra. Utviklinga frå år til år viser at det i 2013–2014 var færre lovbrøt enn i 2017–2018.




Figur 2: Årleg gjennomsnitt på melde lovbrøt som gjeld rusmiddel per 1000 innbyggjar for landet, Hordaland, Voss, Kvinnherad og Kvam.

3.2.4 Rus blant ungdom

Frå 2007 har det vore gjennomført Ungdataundersøking i Voss. Voss herad har som mål at denne skal gjennomførast kvart tredje år på 8. og 10. trinn på ungdomsskulen og 2. klasse på vidaregåande. Vinteren 2021 vart det gjennomført Ungdataundersøking for ungdomsskule og vidaregåande skule. I tillegg vart det gjennomført Ungdata junior for fyrste gong. Her svara 5.-7. trinn på barneskulane i heradet. Resultata frå undersøkinga skal vere klare sommaren 2021.

Trass i at vaksne i dag drikk meir alkohol enn tidlegare, viser Ungdata 2019 at ungdommen sin alkoholbruk flata ut, og frå tusenårsskiftet har det vore ein tydeleg nedgang. Likevel er det framleis mange unge som drikk alkohol, og då særleg i den siste delen av tenåra. Om lag 24% av elevane i 10. trinn og 63% av elevane i 2. året på vidaregåande skule har vore tydeleg rusa av alkohol i løpet av siste året, nokon fleire gutar enn jenter. Foreldrerolla er viktig og det er klar sammenheng mellom strenge reglar i heimen og alkoholbruk.



Figur 3: Del av ungdomar som har drukke alkohol meir enn ein gong i månaden etter kva reglar dei har heime.

3.3 Oversyn over tiltak

TILTAK	HOVUDANSVAR	FRÅ SAMARBEIDSPARTAR
«Inn på tunet»	Helse og omsorg	2012 Oppvekst. Næringsavdeling
Bustadsosialt arbeid	Helse og omsorg	2012 Tekniske tenester
Tilrettelegging av bustad for vanskeligstilte	Helse og omsorg	2012 Tekniske tenester
Hjelpetenester i heimen, tilsyn og oppfølging i bustader	Helse og omsorg	2012 Tekniske tenester
Arbeids- og aktivitetsretta tiltak	Oppvekst	2012 NAV
Støttekontakt	Helse og omsorg	2012
Kontakt med frivilljuge lag	Kultur og fritid	2012 NAV, Helse og omsorg
Behandlingstilbod, inkl. LAR	Fastlege	2012 Helse og omsorg ved avdeling for psykisk helse og rusarbeid
Oppfølging av gravide rusbrukarar	Helse og omsorg	2012 Oppvekst ved helsesjukepleiar
Støtte- og samtalegrupper for barn og foreldre	Helse og omsorg	2012
Førebyggjande ungdomsaktivitetar	Kultur og fritid	2012 SLT, utekontakt, Ungdomshus, Gryto, Motorsport, Skatehall
Voss som «Av og Til» kommune	Kultur og fritid	2013 Av og Til Hovedkontor
Kartleggingsverktøyet Brukarplan	Helse og omsorg	2014 Oppvekst
Ansvarleg alkoholhandtering	Kultur og fritid	2014 Korus Bergen, Skjenkekontrollen Kvam
Ikkje sal av øflasker av glas i perioden mai - juli	Kultur og fritid	2014 Politi, tekniske tenester
Krav om vakter på uteplassar med skjenkeløyve frå kl.23	Kultur og fritid	2016 Politi, Skjenkekontrollen Kvam
Lågterskeltilbod innanfor psykisk helse og rusarbeid	Aktivitetssenter Oasen	2019 Helse og omsorg
Erfaringskonsulent	Avdeling for psykisk helse og rusarbeid	2020
Eldre og rus	Heimeteneste	Tilskot statsforvaltar
Aktivitetsklubb for ungdom. T.d. Trygg av natur, Vossaponni	Kultur og fritid, ungdomsarbeid	2020 Tilskot fylket og innanfor egne ressursar
Ungdata	Kultur og fritid	2021 Korus Bergen , Nova

Aktivitetar for ungdom i skuleferiane t.d Feriekubb, Gryto til fjells, Badedisco,	Kultur og fritid, ungdomsarbeid	2020 Kirkens Bymisjon, Røde kors
Gamingsenter i Gryto	Kultur og fritid, ungdomsarbeid	2021 Playwell.
GrytoLAN og LAN i samarbeid med Voss Gymnas	Kultur og fritid, ungdomsarbeid	2020 Tilskot Ungdom og fritid- frifond
Gatekunstprosjekt i samabeid med Vossa Jazz	Kultur og fritid, ungdomsarbeid	2021 VossaJazz
Lokale hjelpetiltak som omhandler hjelpetiltak/behandling for rus er under planlegging ref ; reform 2022 (barnevernsreforma)	Helse og omsorg	2022 Oppvekst.
Avdeling for rusmedisin (AFR) Helse Bergen- kontordager Voss DPS	Helse og omsorg	2021 Avdeling for psykisk helse og rusarbeid
Lågterskel tilbud for ungdom frå 16 år med utfordringar knytt til psykisk helse (Knytt til satsing på barn og unge i utanforskap)	Helse og omsorg	2020 Avdeling for psykisk helse og rusarbeid



DEL 2:

4. ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER

2021-2024

Statens institutt for rusmiddelforskning (Sirus) har over år dokumentert at overskjenking og sal/skjenking til mindreårige har auka. Samfunnskostnadane ved skadar knytt til alkohol og andre rusmisbruk er vanskeleg å talfesta då dei òg har konsekvensar for omgjevnadane, særskilt næraste pårørande.

Lov om folkehelsearbeid trådte i kraft 1. januar 2012. Kommunen si forvaltning av alkohollova er eit viktig område. Føremålet med alkohollova er å avgrensa dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkohol kan medføra.

Løyvedelen i ruspolitisk handlingsplan har følgjande innhald:

- retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve
- reaksjonar ved brot på alkohollova
- delegasjon av fullmakt etter alkohollova.

Løyveperiode og fornying

Løyveperioden gjeld inntil fire år, jamfør alkohollova § 1-6. Kommunen kan likevel vedta at sals- og skjenkeløyve ikkje skal opphøyra, men gjelda vidare for ein ny periode på fire år. For at kommunen skal kunna fatta eit slikt vedtak må alkoholpolitikken evaluerast.

Prikksystem

1. januar 2016 tredde nye sanksjonsreglar for brot på alkohollova i kraft. Kommunen er no plikta til å tildela sals- og skjenkestader prikkar ved regelbrot etter eit fastsett system (sjå vedlegg). Reglar for lengd og tidspunkt for inndraging vert lik for alle.

Krav til kontrollørar og kontroll av skjenkestadar

Skjenkekontrollør må ha bestått kunnskapsprøve. Ved kontroll av skjenkestader er det krav om to kontrollørar.

Gebyr for sal og skjenking

For å finansiera krav om to kontrollørar er gebyr for skjenking auka med fem prosent. I tillegg vert gebyra indeksregulert.

4.1 Retningslinjer for sal av øl

1. Daglegvareforretningar med fullsortert vareutval kan etter søknad få løyve til sal av alkoholhaldig drikk med alkoholstyrke mindre enn 4,75 volumprosent, når verksemda stettar dei krava som vert stilt i lov og forskrifter.
2. Sal av alkoholhaldig drikk med mindre enn 4,75 volumprosent alkohol kan berre førekomma innan følgjande tidsrom:

Måndag - fredag kl. 08.00 - 20.00

Laurdagar og dagar før helgedagar kl. 08.00 - 18.00, dette gjeld ikkje Kristi himmelfartsdag.

Sal på påske-, pinse-, jol- og nyttårsaftan er som for laurdagar.

Sal er elles forbode på søndagar og helgedagar, 1. og 17. mai.

Salstida kan ikkje fastsetjast ut over det som er salstida for øl i butikkane i Voss herad.

3. Salet skal gå føre seg i samsvar med gjeldande lov og forskrifter.
4. Det skal betalast ei årleg avgift, med heimel i forskrift og rekna utifrå omsetning.
5. I tida 15.april til 30. juni er det forbod mot sal av glasflasker med øl, der produsenten leverer tilsvarande vare på boks, i plast eller i anna innpakning, berekna for laussal.
6. Nettsal og utkøyring.
 - Ved sal av alkoholholdig drikk via netthandel skal bevillingsinnehaver ved utkjøring sørge for at kunden kvitterer for mottatt varer og alkoholholdig drikke, samt tidspunkt for utleveringen.
 - Utkøyring av varer skal kun skje i butikkens opningstider.
 - Presentasjon av produktet på nett skal følge alkohollovenes reklameforbod.
 - Ved tvil om alder skal ein etterspørja legitimasjon og persondata vert notert. Personar som er openbart påverka av rusmidlar får ikkje utlevert alkohol.
 - Utlevering av alkoholholdig drikke på bakgrunn av netthandel kan berre skje innafor Voss herad sine grenser og køyrelister/kvitteringar må kunne dokumentere dette.
 - Styrar/stedfortreder for salsløyvet har ansvaret for at utlevering til kunden skjer i samsvar med alkohollova sine regler også om det vert nytta eigen transportør for utkøyring.

4.2 Retningslinjer for salsløyve for brennevin, vin og sterkøl

1. A/S Vinmonopolet kan få løyve til eit utsal for brennevin, vin og sterkøl i kommunen.
2. Opningstider for Vinmonopolutsalet vert fastsett av Sosial- og helsedepartementet.

4.3 Retningslinjer for skjenkeløyve

Løyve til skjenking av øl, vin og brennevin kan etter søknad gjevast på grunnlag av retningslinjene, til verksemdar som stettar krava som vert stilt i lov og forskrifter.

Ved søknad om skjenkeløyve vert søkar fakturert eit grunngbyr ved oppstart av saksbehandling som skal dekke administrasjonskostnadene. Grunngbyret skal vera betalt innan løyve vert gjeve.

Kvar skjenkestad skal ha sitt eige løyve. Når fleire skjenkestader ligg i same bygning og har same eigar, jf. Alkohollova § 4-2, 4. ledd, skal det gå fram av søknaden kva driftskonsept og gruppe gjester tilbodet vender seg til. Teikningar som viser inndeling av dei ulike tilboda skal leggjast ved søknad.

Skjenkestader som rettar seg særskilt mot barn og unge, og som har aktivitetar for barn og unge i nærleiken skal utarbeida ein internkontroll der omsynet til barn og unge vert særleg vurdert. Målet i internkontrollen skal vera at barn ikkje skal utsetjast for unødvendige påkjenningar og skal kunna føla seg trygge i det offentlege rom. Internkontrollen skal liggja ved skjenkesøknad og vil ligge til grunn for løyve. Desse serveringsstadane kan få reduserte skjenketider

4.3.1 Tal løyve

Tal løyve er ikkje avgrensa. Ved tildeling av løyve vert det stilt krav til driftsopplegg. Det blir stilt krav til gjennomført kurs i ansvarleg alkoholhandtering. Det vert kontrollert at løyva blir forvalta i tråd med lover og reglar og dei vilkår som er stilt når løyve blir innvilga.

4.3.2 Type løyve

Alminneleg løyve for skjenking av brennevin, vin og øl

- hotell og liknande verksemder der overnattingstilbod av god standard er ein sentral del i driftsopplegget
- spisesal, restaurant eller liknande serveringsverksemd som er retta mot eit vakse publikum der kommunen meiner staden sin karakter tilseier at servering av brennevin er forsvarleg, jf. Alkohollova § 1-7a (“... *stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet forøvrig.*”)
- barar direkte knytt til skjenkestader som nemnt over
- det kan gjevast løyve til skjenking på uteareal som har eit fysisk avgrensa område og ligg rimeleg nært anna skjenkeareal. Serveringstilbodet skal vera om lag det same ute og inne. Teikningar som viser uteområdet det skal skjenkast på skal leggst ved søknad.
- bruka «Av-og-Til» som retningsgjevande ved tildeling av løyve.

Alminneleg løyve for skjenking av vin og øl

- overnattingsverksemd med enklare standard
- serveringsstader der skjenking er ein del av eit opplegg der servering av mat, tilskippingar, eller anna er sentralt i drifta, t.d. serveringsstader med ein annan karakter og/eller retta mot eit breiare publikum enn spesifisert under punkt 4.3.2
- det kan bli gitt løyve til skjenking på uteareal som har eit fysisk avgrensa område og ligg rimeleg nært anna skjenkeareal. Serveringstilbodet skal vera om lag det same ute og inne. Teikningar som viser uteområdet det skal skjenkast på skal leggst ved søknad.
- større arrangement av meir nasjonal interesse og karakter kan søke om fast løyve.

4.3.3 Vilkår for alminnelig løyve

Skjenkestaden forpliktar seg til å delta i programmet «Ansvarleg Alkoholhandtering». Programmet skal bidra til å redusera overskjenking, bråk og uro knytt til skjenkestaden. I vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt for å redusera tal på valdsepisodar og andre uynskte hendingar.

Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til:

- stader eller arrangement som er særskilt innretta mot barn og unge
- stader eller arrangement som er særskilt innretta mot motortrafikantar
- idrettsarrangement, jf. «AV og Til»
- kioskar, bensinstasjonar mv.

4.3.4 Løyve til skjenking av brennevin, vin og øl ved einskildarrangement, jf. A-lova p. § 1-6

- tilskipar av einskildarrangement der skjenking er ein underordna del av eit driftsopplegg der anna aktivitet, som kultur-, reiselivstilskippingar mv., retta mot publikum over 18 år, er den sentrale delen i tilbodet
- det blir lagt vekt på at skjenkinga ikkje må føre med seg problem med ro og orden, eller trafikale vanskar. Uttale frå politiet skal hentast inn før søknad blir behandla, med heimel i Alkohollova § 1-7.
- i søknaden skal det gå fram korleis vakthaldet sikrast
- skjenkinga må finna stad i eit eigna lokale eller avgrensa område, som skal gå fram av søknaden.
- skjenketider sjå punkt 4.3.6
- søknadsfrist for einskild løyve er minst 3 veker før arrangementet skal haldast.

4.3.5 Ambulerande løyve

Løyve til servering av brennevin, vin og øl ved slutta lag, jf. A-lova §§4-2 og 4-5

- løyve kan gjevast arrangør av slutta lag som finn stad i selskapslokale
- skjenketider sjå punkt 4.3.6
- søknadsfrist for ambulerande løyve er minst 3 veker før arrangementet skal haldast.

4.3.6 Skjenketider

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt, jfr. A-lova § 4-4. I retningslinene står vekedag for den dag skjenkinga startar, sjølv om skjenkinga held fram til over midnatt, slik at når det er oppgjeve skjenketid fredag kl. 13.00 - 01.00, er dette frå kl. 13.00 fredag og til kl. 01.00 natt mellom fredag og laurdag.

Brennevin

- alle dagar kl. 13.00 – 01.00
- uteservering kl. 13.00 – 01.00 jf. pkt.4.3.2
- det vil ikkje bli gitt fast utvida skjenking utover kl. 01.00.

Vin og øl

- alle dagar kl. 10.00 – 02.30
- uteservering kl. 12.00 – 01.00 jf. pkt.4.3.2 .
- det vil ikkje gjeve fast utvida skjenking etter kl. 02.30.

Utvida skjenketider ved særskilde arrangement

Løyve til utvida skjenketider kan gjevast innanfor det lova tillèt:

- det skal bli stilt krav om at arrangementet har vesentleg verdi for tilskipar og publikum
- lokale og/ eller regionale omsyn skal vektleggast
- omsyn til ro og orden skal vektleggast.

4.4 Gebyr, kontroll, saksbehandling og vakter

Gebyrinntekter

Dei årlege gebyra skal gå uavkorta til:

- kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadene
- behandlingstiltak for personar med rusproblem
- førebyggjande tiltak.

Kontroll med sal og skjenking

Kommunen sitt kontrollutval etter alkohollova er utval for levekår og Skjenkekontrollen i Kvam.

Saksbehandling

I tillegg til løpande saksbehandling skal administrasjonen årleg utarbeida statistikkar over:

- tal utvida skjenketider
- tal utvida skjenkestader
- tal løyve til einskild arrangement
- tal ambulerande løyve.

Statistikk skal bli lagt fram for utval for levekår i februar møtet kvart år.

Vedlegg 1: Reaksjonar ved brot på alkohollova (prikkssystemet)

Prikkar	Regelbrot
8	Sal og skjenking til mindreårige
	Brot på bistandsplikta
	Brot på krav om forsvarleg drift
	Hindring av kontroll
4	Sal og skjenking til openbart påverka person
	Brot på reglane om sals- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person mellom 18 og 20 år
	Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk
2	Openbart påverka person i lokalet
	Manglar ved internkontrollsystemet
	Konsum av medbrakt alkohol
	Gjestar tek med alkohol ut av skjenkearealet
	Manglande levering av omsetningsoppgåve og betaling av gebyr
	Brot på reglar om styrar og stadfortredar
	Brot på reklameforbodet
1	Brot på reglane om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve med meir

Dersom løyveharar vert tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal løyvet inndragast i 1 veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande.

Tidspunktet for fyrste regelbrot skal leggest til grunn for utrekning av to-årsperioden. To-årsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging av verksemd startar ny periode på overdragingstidspunktet.

Likearta brot avdekka ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot.

1. Inndraging skal skje straks vedtaket er gyldig, det vil seia at klagefristen er ute og vedtaket er endeleg. Om ikkje anna er fastsett i vedtaket om inndraging skal inndragingsperioden starta frå tilsvarande vekedag som brotet fant stad.

Vurdering av tidspunkt og lengde for inndraginga kan ta omsyn til at reaksjonen ikkje får ein uhøveleg verknad sett utifrå det brotet vedtaket gjeld.

2. Inndraging av løyve for eit bestemt tidsrom på døgeret, t.d. etter kl. 22.00 for ein lengre periode, kan vere eit alternativ til heil inndraging av løyvet.
3. Rådmannen får delegert fullmakt til og gje åtvaringar i samsvar med pkt. 1. Kontrollutvalet etter alkohollova og politiet skal ha melding om dei åtvaringar som vert gjeve.
4. Er ikkje omsetningsoppgåve levert innan fastsett frist, kan rådmannen inndra løyve fram til oppgåva er levert.
5. Er ikkje avgift for sal eller skjenking betalt innan fastsett frist, kan rådmannen inndra løyve fram til avgifta er betalt.
6. Brot på andre lover og reglar enn alkohollova kan også føre til inndraging av sals- eller skjenkeløyve, jf. A-lova § 1-8.
7. Foreldingsfristen for brot vert etter desse retningslinene sett til 2 år.

Vedlegg 2: AKAN retningslinje i Voss herad .

For tilsette i Voss herad gjeld desse køyrereglane:

1. Voss herad er ein rusfri arbeidsplass. Det er uakseptabelt å møta på jobb påverka av rusmiddel. Det handlar òg om bakrus og alkohollukt. Ved bruk av medikament som kan gje rusverknad oppmodar me til å informera næraste leiar om dette for eventuell tilrettelegging eller anna justering. Kollegaer har plikt til å seia frå.
2. Pengespel og dataspel skal ikkje påverka utføringa av ordinære arbeidsoppgåver.
3. Sosiale arrangement i Voss herad sin regi, gjeld òg utanfor arbeidstid, skal vera inkluderande for alle. Alkoholservering er aldri hovudaktivitet under våre arrangement. Når alkohol vert servert, vil det alltid vera eit alkoholfritt alternativ. Alle som deltek på slike arrangement, har ansvar for eige inntak.
4. Ved representasjon, reise, kurs/konferanse eller andre arbeidsrelaterte høve, ventar me måtehald frå tilsette. I desse situasjonane er ein å sjå på som representant for Voss herad. Ved slike høve skal ein og visa måtehald i frida.
5. Ved bekymring eller brot på retningslinja, har næraste leiar ansvar for å snakka med den det gjeld, og fylgja opp vidare.
6. Heradet vil strekka seg langt for å hjelpa tilsette som har rusproblem eller speleavhengigheit. Me fylgjer Akan sin metode og støttetiltak for tilsette med problem. Voss herad vil nytta standardformular for åtvaringar og individuelle Akan avtalar.
7. Firma eller enkeltpersonar som utfører arbeid eller tenester for Voss herad må retta seg etter denne retningslinja sine bestemmelsar og haldningar.

Akan kontaktar i Voss herad: HMS rådgjevar og Hovudverneombodet Arbeidsmiljøgruppene skal arbeida med spørsmål knytt til rusmiddel- og speleproblematikk. Tilsette skal ha informasjon om Akan i Voss herad.

Tilsette kan be om hjelp for eit rusmiddel- penge- eller dataspelproblem. Det kan då opprettast ein individuell Akan avtale, sjølv om problemet ikkje har gjeve utslag i jobbsamanheng.

Brot på retningslinjene vert handsama etter Akan modellen som vist under:

Bekymring for tilsett: Næraste leiar kallar inn til samtale		
Fyrste brot	Andre brot	Ytterlegare brot
Samtale med tilbod om individuell Akan avtale Alternativ1. Vedkomande seier ja – det vert gitt åtvaring for forholdet og Akan-avtale vert oppretta for 2 år Alternativ 2. Vedkomande seier nei – det vert gitt åtvaring for forholdet og vert vurdert som ei ordinær personalsak	Arbeidsgjevar vurderer om det vert gitt nytt tilbod eller vert behandla som ei ordinær personalsak. Alternativ 1. Vedkomande får tilbod og seier ja – det vert gitt åtvaring for forholdet og Akanavtale vert oppretta for 2 år Alternativ 2. Vedkomande får tilbod og seier nei – ordinær personalsak med oppseiing/avskjed som mogleg konsekvens Alternativ 3. Vedkomande er alt i individuell Akan-avtale etter 1. brot: Teamet (leiar og ev BHT, fastlege, Akan kontakt) vert samla og vurderer fortsatt Akan-avtale med justeringar, eller ordinær personalsak	Vedkomande er i ein individuell Akan-avtale. Teamet vert samla og det vert vurdert fortsatt avtale eller personalsak. Generelt gjeld at ved særleg alvorleg brot kan oppseiing eller avskjed vera mogleg konsekvens på bakgrunn av ei heilheitsvurdering

Aktuelle lover og forskrifter.

- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern (Arbeidsmiljøloven)
- Lov om behandling av personalopplysninger (Personopplysningsloven)
- Lov om helsepersonell (Helsepersonelloven)
- Lov om sosiale tjenester

Reglar om pliktmessig avhald finn ein i følgande lover:

- For helsepersonell- lov om helsepersonell (Helsepersonelloven) §§ 1 og 8

Dokument – ID

Utarbeidd av: HR avdelinga v. Akan utvalet

Godkjend av/dato: AMU/Akan utvalet

Revidert: 22.10.2020 Neste revisjon: 10.22 Saksnummer i 360 online